



Heile seks nasjonar var samla på Bøkkerkaien i den fine sommarkvelden.

I den vakre sommarkvelden i går var gjester frå heile seks nasjonar samla på Bøkkerverkstaden. Med utveksling og venskap med San Lucas Toliman i Guatemala fekk alle innføring i sildeproduksjon og bøkken sitt arbeid på 1900 talet i Noreg.

Det har årleg vore utveksling med venskapskommunen i Guatemala sidn 1998, anten i prosjekt med Kvinnherad vidaregåande skule eller i regi av venskapsgruppa i Kvinnherad. Med totalt 11 turar til San Lucas Toliman er ein etter kvart godt kjend med natur-og levekår i Guatemala. Utdanningsstipend til unge studentar er eit av fleire tiltak. Frå Uskdalen har mellom anna Nils Raudstein og Kristian Bringedal vore med på arrangerte turar til Mellom Amerika.



Manlio Lec prøver seg på den norske silda vi kallar lubbesild.

På Rød i går møtte vi våre gjester frå venskapskommunen,- tidlegare ordførar Manlio, hlærar og varaordførar Alfonso og sosionom og lærar Ruth. Rutt er lærar på barneskulen i Pampojila, som er venskapsskule med Undarheim skule på Husnes.

På menyen på Rød stod sjølvsagt lubbesild, poteta og flatbrød. Alle våre tre gjester fekk prøva seg som roar i færingen, ikkje det enklaste om ein ikkje har prøvd det før.

Ragnhild Røstbø og Magne Fitjar I tok leiing på Bøkkerkaie i går. Linda Øen frå Kulturkontoret representerte Kvinnherad kommune.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Magne Fitjar